



Kviteeid kommune



TRYGT OG GODT SKULEMLJØ I
KVITSEID

Innhald

Føremål.....	2
Overordna mål.....	2
Føresetnader for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø.....	3
Skulekultur.....	3
Skuleleiing.....	4
Relasjonsbasert klasseleiing.....	4
Elev-elev relasjonar.....	5
Foreldresamarbeid.....	5
Sentrale uttrykk og omgrep.....	6
Sårbare elevar og normkritisk metode.....	7
Nokre kjenneteikn på at ein elev kan vere mobba eller plaga.....	7
Samarbeid for et trygt og godt skulemiljø.....	8
Elevrådet sitt arbeid med skulemiljøet.....	8
Skulemiljøutvalet (SMU) sitt arbeid med skulemiljøet.....	8
Fylkesmannen si rolle i saker som handlar om skulemiljøet.....	9
Aktivitetsplikta.....	9
Opplæringslova § 9A-4.....	9
Loven sitt verkeområde og personkrets.....	10
Handlingssløyfa.....	11
Skjerpa handlingsplikt når vaksne krenkar.....	11
Undersøkjingsfasen og eleven sitt rett til å bli høyrte.....	12
Tips til gode samtaler.....	13
Pedagogisk analyse.....	13
Tiltaksfasen.....	14
Døme på tiltak.....	15
Dokumentasjon.....	16
Sjekkliste for aktivitetsplanen.....	16
Skulemiljøfremjande tiltak.....	18
Vedlegg.....	19
Meldeskjema.....	19
«Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø. Tre plikter for alle vaksne på skulen.».....	19
«Barn sin rett til å bli høyrte. Retningslinjer for gjennomføring av samtaler med barn».....	19
Prosedyre ved varsling når vaksne krenkjer.....	19
Kva kan vi gjere i kvardagen for å fremje eit trygt og godt skulemiljø?.....	19

Føremål

Alle tilsette ved skulane har eit felles ansvar for å skape eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø. Alle tilsette ved skulane har også eit felles ansvar for å førebygge, avdekke, motverke og stoppe krenkande åtferd og mobbing. Denne planen skal sikre eit systematisk arbeid og at alle er kjent med pliktane og prosedyrane for å skape eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar.

Målgruppe	Føremål med planen
Skuleeigar	Ivareta det overordna ansvaret med å sikre eit trygt og godt skulemiljø på alle skulane.
Skuleleiing og fagstillingar med eit særskilt ansvar for skulemiljøet	Bruke planen aktivt i det systematiske arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø. Bruke planen aktivt i saker der elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt miljø. Bruke planen aktivt til å sikre at alle tilsette har naudsynt kunnskap og kompetanse på området.
Lærarar, assistentar og andre som arbeider i skulen	Ha felles kunnskap om skulen sitt systematiske arbeid med eit trygt og godt miljø. Ha felles kunnskap om og tilnærming til korleis skulen jobbar i saker der elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Tileigne seg kunnskap på området trygt og godt skulemiljø.
Føresette og elevar	Ha moglegheit til å sette seg inn i skulen sitt arbeid for eit trygt og godt miljø. Ha kjennskap til korleis skulen handsamar saker der elevar ikkje opplever å ha eit trygt og godt miljø.

Opplæringslova § 9A-2 «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Helse: ikkje gje elevane skader, sjukdommar eller helseplager av noko slag, men positivt bidra til å styrke elevane si fysiske og psykiske helse.

Trivsel: elevene opplever å høyre til og skulen opplevast som ein meningsfull stad å vere.

Læring: å oppleve eit trygt og godt skulemiljø er ein føresetnad for all læring.

Overordna mål

- Alle elevar ved skulane i Kviteseid skal oppleve eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø

- Alle tilsette skal ha god og oppdatert kunnskap om kva som fremjar eit inkluderande fellesskap
- Alle tilsette skal arbeide aktivt for gode relasjonar til alle elevane og vera gode rollemodellar for eit trygt, godt og inkluderande fellesskap

Vi skal nå måla våre ved å:

- Arbeide kontinuerleg og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- Samarbeide med elevane og føresette om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- Legge vekt på relasjonsfremjande og inkluderande praksis i skulekvardagen
- Ved hjelp av ei trygg og tydeleg leiing førebygge, avdekke og handsame krenkande ord og handlingar
- Sikre at alle som arbeider ved skulane følgjer med, grip inn og varslar dersom dei får kunnskap eller mistanke om at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø.

Planen bygger i stor grad på NOU 2015:2 «Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skulemiljø». Opplæringslova § 9A og informasjon frå utdanningsdirektoratet, henta frå deira nettsider eller dokument dei har produsert.

Føresetnader for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø

Skulane i Kviteseid kommune skal opplevast som ein trygg og god stad å vera for alle elevar. Kjenneteikn på dette er at elevane trivst, har tru på eigne ferdigheitar, opplever fagleg meistring og har eit godt forhold til andre elevar, lærarar og andre tilsette på skulen.

Forsking viser at det er fem faktorar som er sentrale når det gjeld å fremje eit godt skulemiljø. Dei fem faktorane påverkar kvarandre og det er ikkje tilstrekkeleg å jobbe med bare ein av faktorane. Dei fem faktorane er:

1. Skulekultur
2. Skuleleiing
3. Relasjonsbasert klasseleiing
4. Elev-elev relasjonar
5. Foreldresamarbeid

Skulekultur

Det er skulekulturen som set rammer for kva som er akseptabelt og ikkje, og for korleis menneskjer oppfører seg mot kvarandre på den einskilde skule. Skulekulturen handlar om verdiar, normer og verkelegheitsoppfatningar og er organisasjonskulturen på skulen.

Verdier handlar om kva skulen oppfatar som viktig og verdifullt og som ein etterstrevar å leve etter. Det er ofte eit skilje mellom dei verdiane ein seier ein lever etter (forfekta verdier), og dei verdiane ein praktiserer (bruksverdier).

Normene på skulen bestemmer korleis ein bør oppføre seg, og kva som er akseptable og uakseptable handlingar og holdningar. Det omfattar formelle normer, t.d. som er nedfelt i skulen sitt ordensreglement. Det omfattar også dei uskrivne normene, kva skulen i praksis godtek eller slår ned på av handlingar og holdningar.

Verkelegheitsoppfatningar er korleis vi kollektivt fortolkar kulturen vi er ein del av og korleis han fungerer. Det er oppfatningar av kva som er sant/usant og korleis ting heng saman. Kollektive verkelegheitsoppfatningar treng ikkje vera sanna for å vera levedyktige.

Skuleforskar Erling Roland seier at skular som utviklar ein sterk profesjonell kultur med felles verdier, normer, strukturar og rutinar førebygger uønskt atferd i skulen og legg dermed til rette for eit inkluderande fellesskap.

Skuleleiing

Det er skuleleiinga som har det overordna ansvaret for å fremje ein skulekultur som bidrar til at alle elevar møtast med respekt og tillit. Skuleleiinga har også ansvar for at det blir sett i verk tiltak for å førebygge sosiale problem som kan oppstå i skulen.

God skuleleiing krev både systematisk arbeid og brannsløkking. Skulevardagen vil bestå av uførutsette hendingar. Desse situasjonane kan beskrivast som brannar leiinga må slokke. Flammene er uføreseielege, dei kan føre til eksplosjonar, breie seg i uventa retningar eller slokne raskt. Plutseleg har arbeidsdagen gått med til å handsame ein uførutsett situasjon. God skuleleiing utformast i samspelet mellom langsiktig planlegging og dei akutte situasjonane som oppstår og syter for samsvar mellom desse.

Relasjonsbasert klasseleiing

Klasseleiing handlar om å skape gode føresetnader for fagleg og sosial læring i skulen. Det handlar om eit positivt læringsmiljø kor læraren både ser den einskilde elev, men også ser reaksjonar eller ringverknader i resten av elevgruppa. Det handlar om at læraren er i forkant ved å førebygge at små problem blir til store konflikhtar.

Det er tre kriterier ved klasseleiing som har innverknad på elevens atferd i klasserommet:

1. *Emosjonell støtte*. Dette betyr at lærarane jobbar med å skape gode relasjonar til kvar enkelt elev og styrkar relasjonane mellom elevane.
2. *Klasseromorganisering*. Dette handlar om korleis tida i klasserommet blir bruka og korleis atferd blir handtert.

3. *Læringsstøtte*. Dette handlar om å bygge på elevens eksisterande kunnskap i det vidare læringsarbeidet.

Kriteriene syner at det er samspel mellom fagleg og sosial trivsel. Når det utviklast en god kultur kor elevane brukar tida si konstruktivt til å jobbe med fag og elevane er motiverte, fremjar dette eit trygt og godt skulemiljø og førebygger krenkingar og mobbing.

Elev-elev relasjonar

Vennskap ein av dei viktigaste relasjonane barn og unge har, og gjev også føringar for det sosiale nettverket på fritida. Vennskap er viktig for å meistre livet vidare, men også som motivasjon for læring.

Elevkulturen er samspelet som utviklar seg mellom elevane over tid, og etterkvart den historikken elevane opplever å ha saman. Skulen sitt arbeid med eit trygt og godt skulemiljø handlar om å skape gode føresetnader som gjev alle elevane tilgang til fellesskapet og gode og sosiale relasjonar.

Sosial og emosjonell kompetanse er ein basiskompetanse som barn treng for å kunne fungere i eit sosialt fellesskap og sjølv bidra positivt til dette. Forsking viser at sosial og emosjonell kompetanse er noko som utviklast og lærast gjennom heile livet.

Det er fem grunnleggande dimensjonar ved sosial og emosjonell kompetanse:

1. Elevens evne til å vise empati for andre sine kjensler og synspunkt.
2. Samarbeide med andre, hjelpe og vera gjensidig avhengig av kvarandre.
3. Sjølvhevdning ved å kunne be andre om hjelp og å kunne stå for noko sjølv.
4. Sjølvkontroll ved å tilpasse seg, vente på tur og sei i frå utan å bli sint.
5. Ansvarskjensle ved å utføre oppgåver og vise respekt for eigendelar og arbeid.

Foreldresamarbeid

Foreldresamarbeid må vera ein integrert del av skulen sin praksis. Målet for samarbeidet er alltid å fremje elevens læring og utvikling.

Når skulen møter foreldre til barn eller unge som opplever å ikkje ha det bra på skulen, må foreldre oppleve at skulen tek dei på alvor. Skulen er den profesjonelle part som har ansvar for at eit godt samarbeid blir etablert.

Det er viktig at lærarane og skulen tek seg tid til å bygge opp eit godt forhold til foreldre før problem oppstår, slik at det er lettare å ta opp vanskelege tema på eit seinare tidspunkt, dersom det skulle bli naudsynt.

Sentrale uttrykk og omgrep

Alle elevar har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø, både fysisk og psykososialt. Omgrepet trygt betyr at elevane ikkje skal koma til skade, og at elevane skal kjenne at skulen er ein trygt stad å vera. Tryggleik betyr også å oppleve at noko er føreseieleg og å vite at skulen gjer noko dersom noko skjer. Det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.

Skulemiljøet skal fremje helse, trivsel og læring, det vil seie at miljøet skal ha ein positiv effekt på eleven. Dette er noko meir enn å ikkje kome til skade, eller unngå helseplager. Alle på skulen har ansvar for å jobbe slik at skulen fremjar eit godt skulemiljø, i tillegg til at krenkjande ord og åtferd skal førebyggast og stoppast.

Uttrykka «trygt og godt» og «krenking» er skjønnsmessige uttrykk, som må tolkast for å få innhald. Skuleleiinga må syte for at personalet har ei felles oppfatning av kva uttrykkja inneheld på den einskilde skule. Innhaldet i uttrykka er ikkje konstant, men vil endre seg i takt med samfunnsendingar. Drøftingar av kva uttrykkja inneheld er derfor ikkje ein jobb som avsluttas, men som må gå føre seg kontinuerleg.

Skulen har ei plikt til å ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Dette tyder at skulen også skal ha nulltoleranse for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er nemnt spesielt i lovverket, som for eksempel hatytringar, utestenging, isolering og baksnakking. Kva som er ei krenking skal tolkast vidt, men det skal ikkje vera slik at alle kritiske utsegn eller ueinigheit blir sett på som ei krenking.

Krenkingar er å forstå som eit samleomgrep for ord eller handlingar når ein person sin verdigheit eller integritet blir krenka. Krenkingar er enkeltepisodane som finn stad ved både mobbing, diskriminering og trakassering. Dei treng verken vera intensjonelle eller systematiske. Når krenkingar systematisk blir gjentatt er det mobbing. Kva som opplevast som krenkande er forskjellig frå person til person, avhengig av alder, føresetnader, bakgrunn og konteksten krenkinga gjeng føre seg i.

I seinare tid har vi fått fleire definisjonar og nye tilnærmingar til mobbing. Den tradisjonelle definisjonen av mobbing stammer frå Dan Olweus:

«Mobbing er medvitne negative handlingar gjentatt over tid frå ein eller fleire personar mot nokon som har vanskeleg for å forsvare seg.»

I 2015 lanserte Lund, Helgeland og Kovac følgjande definisjon:

«Mobbing av barn er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, å vera ein betydningsfull person i fellesskapet og moglegheita til medverknad.»

Det er viktig å vera varsam med bruken av definisjonar. I staden for å sette definisjonane opp mot kvarandre, bør ein sjå på dei som utfyllande. Det er også viktig å hugse på at eleven sine rettar slår inn lenge før ein situasjon har utvikla seg til mobbing. Eleven har rett til å oppleve eit trygt og godt miljø fritt for krenkingar.

Mobbing består av komplekse sosiale prosesser som ein må sjå i samanheng med situasjonen mobbing oppstår i. For å fange kompleksiteten, må fokuset vera på handlingane som blir gjort, ikkje på personar som «mobbar» og «mobbeoffer». Sidan posisjonar i eit skulemiljø vil endre seg over tid, er det meir hensiktsmessig å snakke om «barn som mobbar andre» og «barn som blir mobba». Det kan vera ulike individuelle årsakar til at nokon blir utsett for mobbing, men det kan ikkje alene forklarast ut frå trekk ved personlegdomen. Skulen har derfor et stort ansvar for å førebygge mobbing gjennom å skape eit trygt psykososialt miljø.

Sårbare elevar og normkritisk metode

Skulen har eit særskilt ansvar for dei sårbare elevane og skal kjenne til kven dette kan vera på dei einskilde skulane. Elevar som skil seg ut frå normene kan vera sårbare. Kva som definerast som «normalt» på den einskilde skule skaper grenser som kan føre til utestenging for dei som ikkje passar inn. Ofte er rådande normer i samfunnet knytt til førestillingar om å vera kvit, heteroseksuell og å vera gut eller jente på rett måte t.d. når det gjeld kropp eller åtferd. Normkritisk metode handlar om å analysere og sette søkelyset på eigen skule og finne fram til kva slags normer som er rådande, både blant elevane og personalet, for deretter å reflektere kritisk over desse. Dette vil hjelpe skulane til å sjå dei sårbare elevane, og bli bevisst haldningar og utsegn i skulemiljøet som ein skal gripe inn mot.

Nokre kjenneteikn på at ein elev kan vere mobba eller plaga

- Skulevegring (er redd eller motviljug til å gå på skolen)
- Verkar ulykkeleg, nedfor eller har svingingar i humøret med plutslege raseriutbrot
- Ynskjer å bli innandørs, vegrar seg for å gå ut, søker vaksenkontakt
- Har få vener eller er aleine i friminutta
- Sluttar med fritidsaktivitetar
- Kjem heim med øydelagde klede, ting eller bøkar
- Skuleprestasjonane fell
- Gjeng omvegar for å unngå bestemte personer
- Har dårleg appetitt, vondt i hovudet eller magen
- Har uforklarlege skrammer eller blåmerke
- Søv uroleg
- Prøvar å skjule at noko skjer

Samarbeid for et trygt og godt skulemiljø

Elevrådet sitt arbeid med skulemiljøet

Elevrådet skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø. Elevrådet skal årleg gje tilbakemelding til rektor på delen av elevundersøkinga som gjeld trivsel og skulemiljø og koma med skriftleg innspel til den årlege tilstandsrapporten om skulemiljøet. Elevrådet skal også årleg evaluere skulen sine tiltak for å fremme eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor har ansvar for at elevrådet blir informert om retten til eit trygt og godt skulemiljø kvar haust. Dette blir gjort på eit elevrådsmøte. Elevrådet skal også informerast om skulen sitt systematiske arbeid med det psykososiale miljøet jf. denne planen.

Dersom det skjer endringar i skulemiljøet i løpet av skuleåret som krev tiltak, eller skulen ynskjer å sette inn nye tiltak av andre årsakar, har rektor ansvar for at elevrådet får høve til å uttale seg i saka.

Skulemiljøutvalet (SMU) sitt arbeid med skulemiljøet

Hensikta med skulemiljøutvalet er å sikre at skulen har eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU er eit rådgjevande organ for skulen knytt til dette. SMU kan be skulen om konkrete tiltak for å betre skulemiljøet, t.d. ved at SMU handsamar brukarundersøkingar.

Rektor skal informere om desse rettane på fyrste møte i SU og SMU om hausten:

- SMU har rett på og skal få informasjon om alt som er viktig for skulemiljøet
- SMU skal bli tatt med på råd i arbeidet med skulemiljøtiltak
- SMU har rett til å uttale seg og koma med framlegg i alle saker som gjeld skulemiljøet
- SMU har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø

SMU skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø. Både SU og SMU skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. SMU skal årleg som eit minimum drøfte delen av elevundersøkinga som gjeld trivsel og skulemiljø. SMU skal også årleg evaluere skulen sine tiltak for å fremme eit trygt og godt skulemiljø jf. denne planen.

Dersom det skjer endringar i skulemiljøet i løpet av skuleåret som krev tiltak, eller skulen ynskjer å sette inn nye tiltak av andre årsakar, har rektor ansvar for at SMU får høve til å uttale seg i saka.

På kvart møte i SMU skal det fast orienterast om nå-situasjonen kring skulemiljøet, og skulen sitt kontinuerlege arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar.

Fylkesmannen si rolle i saker som handlar om skulemiljøet

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller føresette melde saka til fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor på skulen. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal fylkesmannen sende saka tilbake til skulen. Saka må gjelde skulemiljøet på skulen eleven gjeng når saka blir teken opp. Fylkesmannen kan, etter undersøking av saka, vedta kva skulen skal gjere i saka. Vedtaket følgjer Forvaltningslova sine reglar, men skuleeigar har ikkje klagerett på vedtaket. Dersom skuleeigar ikkje fylgjer opp vedtaket frå Fylkesmannen, er det høve for Fylkesmannen til å bruke tvangsmulkt som verkemiddel.

Skulen har plikt til å informere føresette om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen. Når eller på kva måte informasjonen skal gjevast er ikkje spesifisert i lovverket, men skulen har eit overordna ansvar for at alle føresette til ei kvar tid kjenner til denne retten.

Aktivitetsplikta

Opplæringslova § 9A-4

(1) Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

(2) Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

(3) Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

(4) Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

(5) Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

(6) Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse*
- b) kva tiltak skolen har planlagt*
- c) når tiltaka skal gjennomførast*

d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka

e) når tiltaka skal evaluerast.

(7) Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Loven sitt verkeområde og personkrets

Lova gjeld for elevar på skulen og som deltek i leksehjelp og SFO. Skulen si aktivitetsplikt gjeld på skuleområdet eller der undervisning eller aktivitetar knytt til skulen, SFO eller leksehjelp gjeng føre seg. Aktivitetsplikta gjeld for alle som arbeider i skulen. Med alle som arbeider i skulen meiner ein alle som har ei arbeidskontrakt med skulen eller skuleeigar, t.d. lærarar, skuleadministrasjonen, miljøarbeiderar, assistentar. Dette gjeld uavhengig av om arbeidsforholdet er fulltid eller deltid, kortvarig eller langvarig. Lova gjeld også alle tilsette i leksehjelp og SFO og andre personar som regelmessig oppheld seg på skulen for å yte teneste eller service til eleven eller skulen. Dette gjeld også personar med tilsettingsforhold hos ekstern tenesteleverandør, t.d. innan reinhald, vaktmeistertenestar, kantinetenestar, ulike aktivitetsleiarar og kurshaldarar i SFO etc. Det avgjerande er ikkje om vedkomande tek i mot løn for arbeidet. Også frivillige, lærlingar, praksisstudentar mfl. gjeld plikta for.

Alle som arbeider ved skulane har ei aktivitetsplikt som er sett saman av:

1. *følgje med*
2. *gripe inn*
3. *varsle rektor (meldeskjema)*

Dersom nokon som arbeider ved skulen, elevar eller føresette får kunnskap eller mistanke om at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø, skal rektor varslast. Skulen skal sikre eleven sin rett til å bli høyrte og snarast undersøke saka. Eigna tiltak skal settast i gang. Alle tiltak skal dokumenterast og evaluerast. Tiltak skal halde fram til eleven sin rett til et godt psykososialt skulemiljø er oppfylt.

Handlingssløyfa



Skulen sine faste rutinar for å avdekke:

Oppgåve	Ansvar for gjennomføring
Kartlegging av skulemiljøet to gonger per år gjennom elevsamtale og foreldresamtale.	Kontaktlærar
Årleg undersøking av skulemiljøet gjennom elevundersøkinga.	Skuleleiinga
Inspeksjon, vakt og tilsynsordningar	Skuleleiinga
Gjere kjent plan for eit trygt og godt skulemiljø for alle som arbeider på skulen.	Rektor
Nytte meldeskjema ved kunnskap eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.	Alle som arbeider ved skulen
Vernerunde knytt til trygt og godt skulemiljø	Rektor i samarbeid med elevrådet

Skjerpa handlingsplikt når vaksne krenkar

Dersom det er mistanke eller kunnskap om at ein vaksen ved skulen krenkar ein elev, skal det handlast raskt og strengt. Det er derfor ei skjerpa aktivitetsplikt for desse tilfella, i krav til varsling og tempo i saksgangen.

Ved mistanke eller kjennskap til at ein vaksen krenkar skal rektor straks varslast. Rektor skal straks varsle skuleeigar. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.

Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Alle som melder ei bekymring kring skulemiljøet skal bli tatt på alvor.

Skulen ved rektor har plikt til:

- 1) å undersøke all mistanke og kjennskap

2) å sette inn tiltak heilt til eleven igjen har det trygt og godt

Dette viser til handlingssløyfa punkt 4 og 5.

Undersøkingssfasen og eleven sitt rett til å bli høyr

Plikta til å undersøke tyder at skulen skal undersøke eleven si oppleving av skulemiljøet. Skulen skal **ikkje** skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba. Ei undersøking skal finne ut kva som ligg bak eleven si oppleving eller meldar sin mistanke. Ho skal få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva for forhold i eleven sine omgjevnader som verkar på korleis han/ho/ opplever skulemiljøet.

Undersøkinga må skaffe nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd og om ein eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Undersøkinga kan også måtte opplyse forhold tilbake i tid eller forhold utanfor skuletida og skulen sitt område, dersom slike forhold verkar inn på eleven sin kvardag på skulen.

Skulen skal syte for elevens rett til medverknad når dei undersøker saker. Dette skal dei gjera ved at involverte elevar blir høyr, og barnets beste skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid med saker. Eleven/ane bør høyrast tidleg i undersøkinga, gjerne fyrst. Ein kan høyre ein elev på fleire måtar t.d. gjennom samtale, chat, eller skriftleg informasjon. Merk at eleven/ane ikkje har plikt til å uttale seg, men manglande uttale frå vil ofte svekke undersøkinga og gjera det krevjande å eventuelt sette inn hensiktsmessige tiltak. Det er viktig at personen som høyrer eleven er ein person eleven har tillit til, samstundes som det trengst kompetanse for å kunne høyre barn/unge. Det er viktig å hugse på at eleven i situasjonen skal få uttale seg fritt. Det vil seie at det skal ikkje på nokon måte leggast føringar på eleven.

Døme på verktøy til bruk i undersøkingssfasen:

- Samtalar med elevar
- Samtalar med lærarar, andre tilsette og/eller føresette
- Ulike metodar for systematisk observasjon t.d. jf. «Innblikk»
- Sosiogram og/eller andre kartleggingar av skulemiljøet
- Ulike skriftlege undersøkingar
- Pedagogisk analyse

Tips til gode samtaler

Skulen kan ha samtaler med den/dei eleven/ane saka gjeld, andre elever, tilsette og føresette. I slike samtaler er det viktig å vera medviten på kva slags ord ein brukar og korleis ein legg til rette for ei god og trygg stemning.

Tips til ei god samtale kan vera å:

- passe på at du snakkar med forstålege ord
- gje den du snakkar med tid til å tenkje
- avklare forventningane til samtala
- vera medviten på eige kroppsspråk
- stille opne spørsmål for å få frem eleven si oppleving
- be ein kollega om å gje tilbakemelding på korleis du opplevast i slike typar samtaler

Det kan også vera nyttig å stille seg nokre spørsmål i forkant av samtala som:

- kva må vi snakke om før samtala?
- kva veit vi, kva tek vi med oss inn i samtala?
- kva veit vi som vi ikkje kan fortelje vidare av omsyn til personvern?
- kva er målet med denne samtala?
- kven er samtala for?
- kva er teikn undervegs på at vi har ei god samtale?

Pedagogisk analyse

For å kunne sette inn verksame tiltak, må undersøkinga munne ut i ei problemformulering som fortel kva for tiltak som skal løysast. I det høve er det fornuftig å nytte verktøyet pedagogisk analyse. Pedagogisk analyse er ein systemteori som handlar om å sjå samanhengar mellom dei ulike delane i ein heilskap. I pedagogisk analyse tek ein utgangspunkt i problemformuleringa, og finn dei oppretthaldande faktorane som fører til at situasjonen er og held fram som den gjer. Fokuset i pedagogisk analyse er retta mot interaksjonen mellom eleven og omgjevnadane.


Pedagogisk analyse har tre perspektiv:

Det kontekstuelle perspektivet: Alle skulen sine forhold som gjeld elevene sine handlingar og læring

Aktørperspektivet: Ei forståing av eleven som aktør tyder at vi legg til grunn at eleven handlar intensjonelt sjølv, og som eleven ikkje har innverknad på

Individperspektivet: Eigenskapar og føresetnader som ligg hos eleven, og som eleven ikkje har innverknad på.

I tiltaksfasen vel ein tiltak knytt til dei oppretthaldande faktorane ein er i posisjon til å gjera noko med.



Tiltaksfasen

Tiltak skal vera eigna, tilstrekkelege, det vil seie at dei skal vare til eit trygt og godt skulemiljø er gjenoppretta, og lovlege. Dei skal tilpassast den enkelte saka og det skal planfestast når dei skal evaluerast. Det skal også kome fram av planen kva for ei utfordring ved skulemiljøet kvart spesifikt tiltak er tenkt å løyse, jf. bruk av pedagogisk analyse.

Rammer for lovlege tiltak:

- Innanfor rammene til Opplæringslova og anna regelverk
- Forholdsmessighet
- Barns beste, jf. Barnekonvensjonen. art. 3 nr. 1. gjeld for alle barn
- Barn sin rett til å bli høyrte, jf. Barnekonvensjonen gjeld for alle barn
- Tiltaket må ikkje gå på tvers av andre elevar sine rettar

Tiltak kan rettast mot han/ho som blir mobba/krenka eller mot dei som mobbar/krenkar. Det skal også settast inn tiltak på systemnivå, det vil seie på klasse- eller skulenivå. I dei fleste tilfelle vil det vere behov for å sette inn tiltak mot fleire av gruppene. Det er avgjerande å vere medviten på bruken av individtiltak og systemtiltak. Når ein set inn fleire tiltak, bør dei vere synergiske. Det vil seie at tiltaka skal styrke kvarandre i å stoppe mobbinga eller andre krenkingar og gjenopprette eit trygt og godt skulemiljø.

Ulike typar tiltak:

- Serietiltak er fleire tiltak sett inn etter kvarandre i ei planlagd rekkjefølgje
- Simultane tiltak er fleire tiltak sett inn samstundes for å stoppe mobbing og andre krenkingar
- Kombinasjon av serietiltak og simultane tiltak

Tiltak vurderast i korte og lange tidsspenn. I oppfølginga bør det vurderast om det er behov for å sette inn tiltak retta mot langtidsverknadene eller de seinskader som mobbing kan føre til.

Døme på tiltak

Tiltak for skuleleiinga

- [Trygge gjennom tett vaksenkontakt](#)
- [Trygge gjennom organisering](#)
- [Handsaming av hendingar på nett](#)
- [Bortvisning, klassebyte, skulebyte](#)

Tiltak for relasjonar mellom tilsette og elev

- [Tydeleg og varm klasseleiing](#)
- [Forbetre negativ eller svak relasjon](#)
- [Tett oppfølging over tid](#)

Tiltak for relasjonar mellom elevar

- [Mobiliserer støtte frå medelevar](#)
- [Elevgrupper](#)
- [Legge til rette for vennskap](#)

Tiltak for å fremje fellesskap

- [Tydeleg og varm klasseleiing](#)
- [Fellesskapsbyggande undervisning](#)
- [Sosiale tiltak](#)
- [Sosial kompetanse](#)
- [Førebygge digitale hendingar](#)
- [Utvikle ein inkluderande kultur](#)

Førebyggande tiltak for heim-skule samarbeid

- [Utvikle standardar for samarbeidet](#)
- [Foreldreinvolvering og samarbeid](#)
- [Trene på vanskelege samtaler](#)
-

Dokumentasjon

Skulen må dokumentere skriftleg kva dei gjer for å syte for at elevane har det trygt og godt på skulen.

Dokumentasjonen skal sikre at:

- Elevar og føresette får et bevis på at skulen tek saka deira seriøst og at dei forpliktar seg til å hjelpe eleven
- Fylkesmannen raskt kan få oversikt dersom saka blir meldt dit
- At saka er tilstrekkeleg opplyst ved eventuelle tilsyn, erstatningssaker eller straffesaker

Skulen har to dokumentasjonsplikter

1. Dokumentere kva for tiltak de planlegg å gjennomføre i ein aktivitetsplan
2. Dokumentere kva dei har gjort for å følgje opp delpliktene i kvar enkelt sak.
Delpliktene er *følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak.*

Sjekkliste for aktivitetsplanen

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som skulen må lage i det dei får vite at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen, anten gjennom undersøkingar eller etter at ein elev sjølv seier frå at han/ho ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø. Ein aktivitetsplan treng ikkje å vera knytt opp mot ein bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller utfordring kor fleire elever er involvert.

I aktivitetsplanen skal det stå:

- Kva for eit problem som skal løysast (jf. pedagogisk analyse)
- Kva skulen har planlagt av tiltak for å gjenopprette eit trygt og godt skulemiljø
- Når tiltaka skal gjennomførast. Det bør også stå kva for ei del-utfordring dei ulike tiltaka er tenkt å løyse.
- Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av dei ulike tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast. Det bør også stå kven som skal delta i evalueringa av tiltaka.

Det er verdt å merke seg at det er skulen som i siste instans og etter ei fagleg vurdering avgjer kva for tiltak som skal settast inn, ev. halde fram eller avsluttast.

I aktivitetsplanen kan det også vera lurt å ha med ei oppsummering av samtalene med elever og føresette. I tillegg kan det vera lurt å ha med en oppsummering av kva som er skulen si vurdering av saken.

Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast i den enkelte saka. Det vil til dømes vera tilstrekkeleg med ein kortare og meir skjematisk aktivitetsplan i saker kor skulen set inn tiltak tidleg i prosessen og tiltaka er enklare. I saker der tiltaka og saksforholdet er meir samansett og komplekst vil det truleg vera naudsynt med ein meir omfattande aktivitetsplan. Planen skal vera skriftleg og skrivne i eit format som kan takast ut og sendast til Fylkesmannen, dersom det er behov for det.

Dokumentasjonen gjeld arbeidet skulen gjer for å sikre at krava til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak er oppfylt i kvar enkelt sak.

- *Plikta til å følgje med.* Her vil dokumentasjonen i stor grad gjelde aktivitetar som omfattar fleire elever, grupper eller heile skolen.
- *Plikta til å gripe inn, varsle, undersøke og eventuelt sette inn tiltak.* Dokumentasjonsplikta her vil i større grad omfatte kva skulen gjer i den enkelte saka. Truleg vil meldeskjema og aktivitetsplanen i dei fleste saker dekke det meste av dokumentasjonsbehovet her. Det må vurderast frå sak til sak om det er behov for ytterlegare dokumentasjon.

Alle som utfører teneste eller jobbar i skulen har teieplikt. Opplysningar som er omfatta av teieplikta gjeld:

- Personlege forhold
- Opplysningar ein ynskjer å halde for seg sjølv
- Opplysningar som ein får gjennom jobb

Når du skal dokumentere kva som har blitt gjort i ein enkeltsak, vil du måtte handsame personopplysningar. Det kan vera både ordinære personopplysningar og sensitive. Skulen har både plikt og rett til å handsame personopplysningar. Alle personopplysningar skal handsamast i samsvar med [reglane for personvern](#).

Skulemiljøfremjande tiltak



Modell for ei systematisk og heilskapleg tilnærming til arbeid med skulemiljøet.

På skulane i Kviteseid har vi fylgjande rutinar og tiltak for fremje eit trygt og godt skulemiljø:

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvarleg
Syte for at alle tilsette kjenner til denne planen og pliktane dei har.		Rektor
Syte for at alle føresette har informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø.		Rektor
Skulen sine tilsette drøftar for ei felles forståing av: -Kva er eit trygt og godt skulemiljø? -Kva er krenkjande handlingar?	Kontinuerleg	Skuleleiinga
Skulen sine tiltak for førebygging og haldningsskapande arbeid: <ul style="list-style-type: none"> • aldersblanda grupper • ute-skule • aktivitetsleiingar i friminutta • turar (m.a. «bli-kjent»-turar om hausten) • ulike aktivitetsdagar • BliMe-dansen • leirskule • kontinuerleg fokus på god digital åtferd • ulike dag- og kveldsarrangement for elevar og/eller elevar og føresette 	Heile året	Rektor, avdelingsleiingar, lærarar, andre tilsette.
Planfesta elevsamtaler	To i året	Kontaktlærarar
Elevsamtaler ved behov	Heile året ved behov	Alle
«Zippys venner», program for sosial kompetanse	Heile året	Lærarar på 1.-4. trinn.
Aktivitetsleiingar	Heile året	TL-ansvarlege
ART – program for sosial kompetanse. Faste kurs på 7. trinn. Grupper etter behov utover dette.	Heile året	Art-trenarane
«Jentesnakk» og «Gutesnakk»	Årleg	Sosiallærer/miljøterapeut

	Nettvett-kampanje du bestemmer.no 5.-10. trinn	Årleg	Sosiallærer/kontaktlærer
	Foredrag «Handling og konsekvens» for 8. trinn	Årleg	Politikontakt
	«Retningslinjer for elevråd ved skulane i Kviteseid kommune»	Heile året	Rektor/kontaktlærer for elevråd
	Plan for overgang barnehage/skule	Heile året	Rektor/lærarar/avdelingsleiarar/barnehagen
	Rutinar for fråvær	Heile året	Kontaktlærer og rektor
	Samarbeid i ulike tverrfagleg team (t.d. helse, PPT, politi m.m.)	Heile året	Rektor og andre i ulike funksjonsstillingar
	Evaluering av skulen sitt førebyggjande og haldningsskapande arbeid	Årleg	Rektor
	«Retningslinjer for samarbeidsutval og skulemiljøutval ved Kviteseid skule»	Heile året	Rektor
	Inspeksjon i friminutta		Avdelingsleiarar
	Dialogmøte med skuleeigar/ tilstandsrapport	Årleg	Kommunalsjef

Vedlegg

Meldeskjema

«Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø. Tre plikter for alle vaksne på skulen.»

«Barn sin rett til å bli høyrd. Retningslinjer for gjennomføring av samtaler med barn»

Prosedyre ved varsling når vaksne krenkjer

Kva kan vi gjere i kvardagen for å fremje eit trygt og godt skulemiljø?



Meldeskjema

Bekymring for skulemiljøet til ein eller fleire elevar

Dersom du som ynskjer å melde ei bekymring er tilsett ved skulane i Kviteseid kommune, oppmodar vi til å nytte Compilo.

Opplæringsloven:

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» (§ 9A-2)

«Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.» (§ 9A-4)

Når ei sak blir meldt, har rektor plikt til snarast å undersøke saka. Dersom eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø har rektor plikt til å sette inn tiltak og følgje saka til skulemiljøet igjen er trygt og godt.

Bekymringa gjeld (namn elev(ar)/klasse):

Bakgrunn for bekymringa:

Er bekymringa drøfta med eleven/elevane det gjeld?

Dato og signatur frå meldar

Dato og signatur frå rektor

Rektor har ansvar for at meldinga blir arkivert og at kommunalsjef skule og barnhage blir underretta i alvorlege saker eller dersom saka involverer ein tilsett.



Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø

Tre plikter for alle vaksne på skulen

Rektor har ansvar for at alle som arbeider i skulen kjenner til kva for pliktar dei har etter oppl. § 9A. Dette skrivet nyttast som orientering til t.d. praksisstudentar, tilkallingsvikarar, reinhaldspersonalet, nyttilsette, helsesjukepleiar, barnehagepersonalet, vaktmeister og andre. Rektor har ansvar for å oppbevare signert skjema forsvarleg.

Du som arbeider på skulen har plikt til å **følgje med** på kva som skjer på skulen og **gripe inn** dersom du ser at nokon blir utsett for t.d. mobbing, stygge ytringar, utestenging, diskriminering eller andre krenkingar. Du har også plikt til å **varsle** om dette til rektor. Du har også plikt til å varsle om du får kjennskap til eller har mistanke om at nokon på skulen ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, sjølv om du ikkje er vitne til hendingar.

Du kan varsle på fleire måtar. Du kan fylle ut meldeskjema og levere til rektor, du kan melde frå munnleg til rektor sjølv, eller du kan som tilsett melde til rektor ved å bruke Compilo.

Desse tre pliktene har du uavhengig av om arbeidsforholdet ditt er fulltid eller deltid, fast eller midlertidig, kortvarig eller langvarig. Det gjeld også sjølv om du ikkje er direkte tilsett på skulen, men kanskje på andre tenesteområde i kommunen, eller hos ein annan arbeidsgjevar, men har ditt virke heilt eller delvis på skulen. Det spelar inga rolle for pliktene om du får løn for arbeidet, du kan t.d. vera praksisstudent.

Kva tyder dei tre pliktene?

1. Følgje med

Korleis oppdagar du om nokon ikkje har det bra?

- a. Du snakkar med eleven/elevane
- b. Du ser noko eller fangar opp noko i samtale med andre elevar
- c. Du observerer noko du stussar over, som ikkje ser greitt ut
- d. Du observerer endringar i åtferd hos elevar, eller endringar i klasse- eller skulemiljøet
- e. Du oppdagar krenkande hendingar som du må gripe inn i

2. Gripe inn

Dersom du høyrer hatytringar eller observerer indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking, skal du **gripe inn med ein gong og stoppe situasjonen**. Det kan for eksempel dreie seg om å stoppe ein slåsskamp eller anna fysisk krenking, om å stoppe ein utfrysningssituasjon eller irettesette elevar som kallar andre stygge ting. Plikten din til å gripe inn gjeld inngrep som er mogleg å gjennomføre. Det tyder at du skal ikkje stå i fare for å skade deg sjølv eller krenke nokon av elevane for å stoppe situasjonen, med mindre det er nødrett eller nødverje.

3. Varsle

Du skal varsle rektor dersom du ser eller mistenkjer at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det skal vere låg terskel for kva som skapar mistanke til at ein elev ikkje har det bra på skulen. Kor raskt ei sak skal varslast til rektor, vil variere frå sak til sak. Alvorlege saker skal varslast straks. Andre saker kan det vere forsvarleg at ventar til t.d. slutten av arbeidsdagen, eller til personalmøtet same veke.

Dersom du er vitne til, får kjennskap til eller har mistanke om at ein tilsett krenkar elevar har du ei skjerpa plikt. Då skal du straks varsle rektor som igjen skal varsle skuleeigar. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenkar ein elev, skal du varsle skuleeigar direkte. Skuleeigar er i dette høve kommunalsjef for skule og barmehage.

Eg har lese og forstått innhaldet og pliktene mine (signatur og dato):



Barn sin rett til å bli høyrd

Retningslinjer for gjennomføring av samtaler med barn

Alle barn, uavhengig av alder, språk og funksjonsnivå, har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei. Barn skal som regel høyrast fyrst eller tidleg i sakshandsaminga. Samtale med barn skal vera prega av openheit, vera barnevenlege, basert på respekt og vera informative.

Kvar skal vi høyre barn?

- Barn skal høyrast i trygge og skjerma omgjevnader.
- Det skal settast av nok tid til å høyre barnet.
- Ut i frå tema, tid og alder skal det vurderast om barn skal høyrast aleine eller saman med føresette.

Korleis skal vi høyre barn?

- Barn skal bli opplyst om kven som for vite det dei fortel.
- Barn skal bli opplyst om kva saka gjeld i samsvar med deira alder og utvikling.
- Barn har rett, men ikkje plikt til å uttale seg.
- Barn skal bli opplyst om kva som blir utfallet av saka.
- Barn skal få uttale seg fritt. Det skal ikkje leggjast føringar eller stillast leiande spørsmål.

Kven skal høyre barn?

- Barn skal i utgangspunktet høyrast av nokon dei har ein relasjon til og kjenner seg trygge på.
- I særleg sensitive saker bør barn høyrast av noko som har spesiell kompetanse eller erfaring med å høyre barn.

Kva for vekt skal vi legge til barn sine synspunkt?

- Barn sine synspunkt skal vektas i samsvar med alder og utviklingsnivå.
- Barn sine synspunkt skal alltid telje.
- Styrken i barnet sine ynskjer/uttaler skal takast omsyn til.





Prosedyre ved varsling når vaksne krenkjer

Opplæringslova § 9 A-5

Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

«Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.»

Varsling til rektor

1. Den som får mistanke eller kunnskap om at ein annan som arbeider på skolen krenkjer ein elev/elevlar skal straks gå til rektor med saka.
2. Rektor har ansvar for at meldeskjema blir registrert og arkivert.
3. Rektor skal straks orientere kommunalsjef om varslinga.
4. Rektor skal så snart som mogleg og forsvarleg, seinast i løpet av neste arbeidsdag, orientere den det gjeld om varselet, og at det vil bli sett i gang undersøking. Rektor og arbeidstakar skal bli einige om korleis arbeidstakar skal følgjast opp i løpet av saka og arbeidstakar skal bli orientert om kva som vil skje vidare.
5. Dersom varselet er av ein slik karakter at det kan medføre avskjed etter arbeidsmiljøloven § 15-14 kan rektor suspendere tilsette medan undersøkinga gjeng føre seg jf. arbeidsmiljølova §15-13.
6. Rektor skal straks sette i gang nødvendig undersøking av saka. Undersøkinga skal gjennomførast utan ugrunna opphald.
7. Dersom varselet er av alvorleg karakter, kan arbeidstakar det er varsla om skal kallast skriftleg inn til eit avklaringsmøte i undersøkingsfasen. På møtet skal rektor minimum ha med anten avdelingsleiar, kommunalsjef skule og barnehage eller personalsjef. Det skal gå fram av innkallinga til arbeidstakar kven som møter. I innkallinga skal det også opplysast om at arbeidstakar har rett til å ha med seg tillitsvald, verneombod eller ein annan person på møtet. Føremålet med avklaringsmøtet er å opplyse saka og at arbeidstakar skal ha høve til å legge fram si oppleving av varselet.
8. Undersøkinga skal resultere i at dokumentasjon av aktivitetsplikta og eventuell aktivitetsplan skrivast av rektor.
9. I høve der avskjed (aml. §15-14) eller oppseiing (aml. kap. 15) er resultatet skal dette til ei kvar tid fylgje prosedyre nedfelt i lovverk.
10. Rektor har ansvar for å orientere arbeidstakar om utfallet av undersøkinga og å fylgje opp og evaluere ev. tiltak som blir sett i verk.
11. Rektor har ansvar for all skriftleg dokumentasjon i saka i samsvar med kommunen sine retningslinjer.
12. Rektor har ansvar for at kommunalsjef er orientert i løpet av undersøkinga, om utfallet av undersøkinga, og oppfylging av ev. tiltak sett i verk.

Varsling til skuleeigar

1. Den som får mistanke eller kunnskap om at ein tilsett i leiinga ved skulen (rektor eller avdelingsleiarar) krenkjer ein elev/evevar skal straks gå til kommunalsjef skule og barnehage med saka.
2. Kommunalsjef har ansvar for at meldeskjema blir registrert og arkivert.
3. Kommunalsjef skal orientere Rådmann om varslinga.
4. Kommunalsjef skal så snart som forsvarleg, seinast i løpet av neste arbeidsdag, orientere den det gjeld om varselet, og at det vil bli sett i gang undersøking. Kommunalsjef og arbeidstakar skal bli einige om korleis arbeidstakar skal fylgjast opp i undersøkingfasen.
5. Dersom varselet er av ein slik karakter at det kan medføre avskjed etter arbeidsmiljøloven § 15-14 kan kommunalsjef suspendere tilsette medan undersøkinga gjeng før seg jf. arbeidsmiljølova §15-13.
6. Kommunalsjef skal straks sette i gang nødvendig undersøking av saka. Undersøkinga skal gjennomførast utan ugrunna opphald.
7. Dersom varselet er av alvorleg karakter, kan arbeidstakar det er varsla om skal kallast skriftleg inn til eit avklaringsmøte i undersøkingfasen. På møtet skal kommunalsjef ha med seg Rådmann og/eller personalsjef. Det skal gå fram av innkallinga til arbeidstakar kven som møter. I innkallinga skal det også opplysast om at arbeidstakar har rett til å ha med seg tillitsvald, verneombod eller ein annan person på møtet. Føremålet med avklaringsmøtet er å opplyse saka og at arbeidstakar skal ha høve til å legge fram si oppleving av varselet.
8. Undersøkinga skal resultere i at dokumentasjon av aktivitetsplikta og eventuell aktivitetsplan skrivast av kommunalsjef.
9. I høve der avskjed (aml. §15-14) eller oppseiing (aml. kap. 15) er resultatet skal dette til ei kvar tid fylgje prosedyre nedfelt i lovverk.
10. Kommunalsjef har ansvar for å orientere arbeidstakar om utfallet av undersøkinga og å fylgje opp og evaluere ev. tiltak som blir sett i verk.
11. Kommunalsjef har ansvar for all skriftleg dokumentasjon i saka i samsvar med kommunen sine retningslinjer.
12. Kommunalsjef har ansvar for at Rådmann er orientert i løpet av undersøkinga, om utfallet av undersøkinga, og oppfylging av ev. tiltak sett i verk.

Kva kan vi gjere i kvardagen for å fremme eit trygt og godt skulemiljø?

Oppsummering frå svar i grupper på planleggingsdagen 02.01.2018

- Dei tilsette må vere positive og i godt humør.
- Me må sjå alle positivt.
- Struktur og føreseieleg kvardag gjev trygge elevar.
- Vise interesse for kvar elev (kva dei likar, er interessert i o.l.).
- Elevane må oppleve at dei blir sett.
- Elevane må oppleve å meistre.
- Dei vaksne må bry seg og vera ekte og tilstade.
- Smile og helse på kvarandre.
- Ha eit system for å sjå alle.
- Gje gode haldningar.
- Gode relasjonar lærar – elev
- Tydelege rammer og kultur for læring.
- Tydelege vaksne med felles forståing av reglar og konsekvensar.
- Skape eit trygt miljø der alle kjenner kvarandre.
- Klare reglar for samvær, t.d. byte plassar fast kvar 14. dag.
- Gje gode kommentarar.

